



Norsk studentorganisasjon

Lakkegata 3 / 0187 Oslo

T: 22 04 49 70

F: 22 04 49 89

E: nso@student.no

W: www.student.no

Innspelsnotat fra NSO til Meld. St 13 (2011-2012) Utdanning for velferd

FoU-basert utdanning og forskning

Autorisasjon

Rammeplanar

Praksis

20XX0000X

NSO ynskjer å takke for høvet til å koma med innspel til arbeidet med Meld. St. 13 (2011-2012) Utdanning for velferd. Me tykkjer heilskapen i meldinga er god, våre kommentarar og innspel byggjer i stor grad vidare på linene skissert i meldinga.

Det er eit viktig poeng å sjå heilskapen i utdanningane og forskinga som vert omhandla i meldinga, noko me meiner formuleringane kring breie grunnutdanningar syner. Det er likevel viktig for oss å påpeike at ein må greie å halde balansen slik at det ikkje vert ei motsetning mellom breie grunnutdanningar og profesjonsspesifikk utdanning. Dersom ein ikkje greier ein slik balanse er me redd dette på sikt trugar bachelorutdanninga som sjølvstendig grad fordi ein er nøydd til å ta master for å få nok spesialisering. Det er avgjerande at ein greier å vareta identiteten og spesialiseringa som i dag ligg i dei ulike utdanningane og profesjonane.

FoU-basert utdanning og forskning

Overordna vil me understreke at kapittel 10, om forskning, er særst godt. Retninga som vert skissert gjennom tiltak og drøftinga i kapittelet vil me sei er lovande.

Når det kjem til forskning på det helse- og sosialfaglige feltet ynskjer me å trekke fram studentaktiv forskning som verkemiddel. På den eine sida gjev det studentar inngåande kjennskap til forskingsmetodikk, og eigarskap til FoU-prosesser innan eige fagfelt, noko me meiner er eit viktig utgangspunkt for seinare yrkesutøving. På den andre sida vil det vera med å bygge opp ein forskningstradisjon innan helse- og sosialfaglige område som i dag har utfordringar med forskingsaktivitet. Skal ein opparbeide eit solid forskingsmiljø er det viktig å motivere og stimulere til FoU-arbeid heilt i frå bachelorutdanninga. Innan praksisnære miljø vil det å involvere bachelorstudentar som er mykje ute i praksisfeltet og kunne gje viktige data og observasjonar som elles hadde vore vanskeleg å få tak i for forskarar.

NSO har i sitt innspel til neste års forskingsmeldinga skissert eit tiltak som og vil kunne vera interessant å ta med i dette innspelet. Me ser føre oss at ei ordning med eit program for studentinitiert forskning i NFR og vil kunne bidra til sterkare forskingsforankring hjå helse- og sosialfaga.

Det er og gledeleg å lesa at Kunnskapsdepartementet i neste års forskingsmelding skal koma attende til forståinga av omgrepet FoU-basert utdanning. I det høvet vil NSO her koma med nokre refleksjonar kring temaet. Det kan virke som at dei definisjonane som er gjort på kva FoU-basert undervisning inneber ikkje er godt kjend mellom studentar og vitenskaplig tilsette. Utfordringa med å lage definisjonar er at drøftingane om kva det inneber forsvinn eller virkar uaktuelle. Slik me ser det handlar ei satsing på FoU-basert utdanning mykje om å få dei som faktisk skal arbeide med det, det vil sei studentar og vitenskapleg tilsette, til å drøfte innhaldet i omgrepet jamleg og i samband med strategisk utvikling av program og emne.

Autorisasjon og fastsetting av krav til yrkesutøving

NSO har tidlegare spila inn at me meiner alle dei helse- og sosialfaglege yrka burde ha autorisasjon, og at ein ikkje skal måtte betale for denne. Når det er sagt ser me veldig positivt til at ein skal setje i gong eit tverrdepartementalt utviklingsarbeid for å vurdere kompetansekrav for framtida, og eventuelt at sektormyndigheiter bidreg til å fastsetje krava i samband med autorisasjon. Årsaka til at me ynskjer meir utstrekt bruk av autorisasjon har å gjere med den modningsprosessen ein kan forvente at må føregå for nyutdanna den fyrste tida i arbeid. NSO ynsjer ei ordning med rettleia, men sjølvstendig yrkesutøving før endeleg auto-

risasjon. I praksis vil dette seie at ein vidarefører skikkaheitsvurdering frå utdanninga til den fyrste tida i yrkeslivet, liknande det som blir gjort for dei yrkesgruppene som i dag har turnusteneste.

Skikkaheit

Systemet for skikkaheitsvurdering treng merksemd og styrking, og særleg den kontinuerlege skikkaheitsvurderinga. Utover det vil me syne til rapporten frå UHR om temaet (*Skikkethetsarbeid i UH-institusjonene 2011*), og høyringsfråsegna frå NSO til denne.

Rammeplanar og profesjonsspesifikke krav

NSO meiner at profesjonsstudiar må regulera av rammeplanar for å sikre ein nasjonal standard. Me ser føremålet med ein felles rammeplan, men meiner han berre kan nyttast til å stille basiskrav som er felles for alle utdanningane. Det må fastsetjast profesjonsspesifikke krav i eigne forskrifter. Til dømes når det gjeld fastsetjing av lengde på praksis vil det ikkje vera føremålstenleg å ha same krav til alt frå psykologi til bioingeniør. Av den grunn trengs det eigne profesjonsspesifikke krav til både lengde og innhald i praksis. Dei profesjonsspesifikke krava skal sikre ein felles standard for dei utdanna – at dei har den naudsynte kompetansen til å utøve yrket sitt. Dersom ein fjernar dei profesjonsspesifikke krava vil det gje institusjonane større fridom, men også større moglegheit til å utdanne helseutøvarar på ein billigast mogleg måte, noko som kan bidra til å på sikt svekke tilliten samfunnet har til helseprofesjonane. Skal ein felles rammeplan fungere bør han halde seg til å skissere rammer som faktisk kan vera felles. Dersom han skal ta høgde for skilnadane profesjonane i mellom vil han fort verte for kompleks, vanskeleg å bruke, og dermed ikkje tene det NSO skjønner som målet med å ha ein felles rammeplan.

Ein felles rammeplan kan fastsetje minimumskrav som for eksempel fellesemne for alle fyrsteårsstudentar, tverrprofesjonell samarbeidslæring, høve til nasjonal mobilitet, internasjonalisering, FoU-basert utdanning og studentaktiv forskning, og formelle krav til rettleiingskompetanse hjå praksisrettleiarar. Det er og svært viktig at ei felles forskrift sier noko om konsekvensane ved brot på rammeplaner/forskrifter og skisserer eventuelle sanksjonsmoglegheiter overfor utdanningar som bryt rammeplanen.

NSO er bekymret for at mindre spesifikke rammeplanar vil føre til mindre heilskap i utdanningane med store skilnadar i kompetansen innan same yrkesgruppe. Dette kjem i tillegg til at mindre konkrete krav vil svekke studentanes rettssikkerheit, all den tid dei ikkje lenger har eit dokument dei kan bruke for å krevje den utdanninga, den kvaliteten og tilrettelegginga dei har krav på.

Praksis

Praksisstudiar er ein av dei viktigaste læremetodane i dei helse- og sosialfaglege utdanningane, og kanskje det området der det er størst behov for forbetring og kvalitetssikring. Det må bli stilt same høge krav til kvalitet i praksisstudiane som det blir gjort til dei andre delane av studiet. NSO har fått mange tilbakemeldingar frå studentar som er misnøgde med kvaliteten i praksisstudiane. For å lukkast med ei satsing på velferdsstatens yrke, må det satsast på praksis.

Som følgje av samhandlingsreforma må fleire studentar ha praksis i dei kommunale helse- og sosialtenestene. Det er viktig at dette skjer parallelt med at kompetansen i den kommunale sektoren blir heva, slik at studentane møter personale som er kvalifisert til å gje dei den opplæringa dei skal ha, og at praksisstaden kan tilby gode og utfordrande læresituasjonar.

Ei anna side ved praksisordningane er mangelen på økonomiske støtteordningar for dei som får store meirutgifter i samband med praksis, ofte knytt til doble bu-utgifter eller reiseutgifter. Det er grunn til å tru at denne type kostnadar vil gå utover læreutbyttet og kvaliteten på praksis, all den tid studentar er nøydd til å gjere seg sjølve i stand til å ha råd til å gjennomføre praksis. Me meiner studentar må få dekt denne typen kostnadar knytt til obligatorisk praksis. Dei uføresette kostnadane treff og veldig skeivt alt ettersom det er nokså tilfeldig kvar ein får tildelt praksisplass. NSO meiner at studentar med born skal prioriterast i køen for å få praksis nær eigen bustad.

Fordeling av ansvar, oppfølging og rettleiing

Praksis og gratisarbeid er og skal ikkje vera det same. Det stiller med andre ord krav til oppfølging og tilrettelegging i praksis. Godt samspel og dialog mellom utdanningsinstitusjonane og praksisfeltet vil vera avgjerande for å sikre høg kvalitet i praksisstudiane. Det må utarbeidast klare, forpliktande avtaler mellom utdanningsinstitusjon og praksisstad. I avtalene må det klargjerast kor mykje tid rettleiar på praksisstaden skal setje av til oppfølging av studentar, og krav til nærvere frå undervisningspersonell frå institusjonen må spesifiserast. Det må sikrast formalisert rettleiarkompetanse hjå praksisrettleiarar, og desse må få tid i stillingene til eigen kompetanseutvikling og til å fungere som rettleiarar. Berre fagpersonell med relevant og tilstrekkeleg erfaring frå praksisfeltet skal nyttast som praksisrettleiar ved utdanningsinstitusjonar og på praksisstedane. Nærveret frå praksis- og lærerrettleiar er avgjerande for å sikre tilstrekkeleg grunnlag for å evaluere og vurdere studentens faglege kunnskapar og dugleikt/skikkaheit for yrket.

Det skal alltid vera institusjonens ansvar å sikre studentane ei god utdanning, dette inneber og tilfredsstillande praksisplassar. Det må opprettast gode rutinar for evaluering og vurdering av praksisstadar, og studentanes læreutbytte av praksisperioden, og det må vera dekning i form av relevante praksisplassar for studentane institusjonane tek opp. Likevel skal det vera eit statleg og kommunalt ansvar å tilby praksisplassar. Det stend i meldinga at regjeringa vil vurdere om alle sektorar og forvaltingsnivå skal ha ei lovfest plikt til å ta i mot studentar og elever i praksis. Ei slik lovfesting vil vera positivt, då det vil kunne bidra til at fleire gode praksisarenaer blir teke i bruk. NSO er og særskilt skeptiske til utviklinga i retning av at studentar som skal ha turnusplass må stå på ventelister i nærare eitt år før dei kjem seg ut og får fullført utdanninga si.

Tilknytning til arbeidslivet

Praksis er ein opplærings situasjon, og studentar i praksis er ikkje gratis arbeidskraft. Dei skal trene på reelle arbeidssituasjonar, og lære seg å arbeide kunnskapsbasert. Studentar må sjåast på som ein ressurs for praksisstaden. Det å ha studentar i praksis vil bidra til tettare kontakt mellom praksisfeltet og fagmiljøa ved utdanningsinstitusjonane.

Det stend i meldinga at ein vurderar tiltak på nasjonalt nivå for å sikre ein god overgang frå rolla som student til rolla som yrkesutøvar. NSO ynskjer dette initiativet velkomen og håpar

ein finn fram til gode løysingar som vil gagne både nyutdanna, pasientar/brukarar/klientar og arbeidsgjevarar. Det virkar fornuftig å fjerne seg frå tanken om at ein nydannet kandidat skal vera eit ferdig produkt. Det vil vera ei meir langsiktig teking å vektlegge evna til ein kandidat til aktivt å søkje etter og ta i bruk ny kunnskap, slik at dei kan halde fram med å utvikle seg gjennom eit langt yrkesliv.

Ressursar

Praksis er ressurskrevjande for både utdanningsinstitusjonar og praksisstad. Det vil vera vanskeleg auke kvaliteten i praksisstudiane utan å samstundes auke finansieringa.

Tverrprofesjonell samarbeidslæring (TPS)

Tverrfagligheit har vorte etterspurt av studentene, og det er positivt at dette er eit gjennomgåande tema i meldinga. Det krev evne og vilje til å samarbeide på tvers av profesjonsgrensar for å få til meir heilskapleg pasientforløp, og det er eit nødvendig perspektiv som må inn alt under utdanninga. Det er positivt at ein ser på korleis ein og kan inkludere dette i praksisstudiane, slik ein forslår gjennom TPS.

Likevel ser me at det vil vera fleire praktiske utfordringar knytt til gjennomføring av TPS. Tabell 9.1 i meldinga viser at det i 2011 var 13 796 sjukepleiestudentar og berre 1022 fysioterapistudentar, det vil vera vanskeleg å få til ordningar der alle sjukepleiestudentane skal samarbeide med ein fysioterapistudent. Det viktigaste er at studentane gjennom sine praksisstudiar møter representantar frå profesjonar, og blir trygge på den kompetansen desse har. Det treng ikkje nødvendigvis vera andre studentar dei møter. Eit mogleg tiltak er utviding og vidareutvikling av ordningar med utdanningssjukeheimar.

Y-veg innan helse- og sosialfaglege utdanningar

Y-veg har ved fleire høve synt seg å vera eit godt virkemiddel på fleire ingeniøruddanningar. Bakgrunnen for innføringa av y-veg for ingeniørar handla i stor mon om mangel på ingeniørar. For helsefag handlar det ikkje så mykje om at for få elevar i vidaregåande endar opp med fagbrev innanfor helse- og sosialfag. Det største fråfallet frå denne gruppa er til allmenfagleg påbygging (jamfør NIFU-rapporten *Får vi nok personell til omsorgstjenestene?* 2012). Y-veg på helse- og sosialfag ser ut til å handle vel så mykje om å ikkje laga blindvegar i utdanningssystemet. Det er liten tvil om at det å bygge opp ein vellukka y-veg krev mykje ressursar, av den grunn er det viktig å vita kva ein gjer. NSO meiner at ein bør gå inn og forske systematisk på fyrsteåret i høgare utdanning for og å finne ut korleis ein kan lage gode ordningar for dei som ynskjer å kvalifisere seg til høgare utdanning utanom ordninga med generell studiekompetanse.

Barnevernspedagog og sosialfaglege utdanningar

Det virkar godt argumentert for å halde på tre grunnutdanningar innan sosialfag; barnevernspedagog; sosionom; vernepleiar. Men det er grunn til å sjå på korleis desse vert skilt i praksis, særleg på mindre institusjonar. Her meiner me utdanningsinstitusjonane i samarbeid med arbeidslivet må sjå på korleis ein på best vis bygger oppunder dei to profesjonane. Det kan vera at det ikkje er føremålstenleg for mindre institusjonar å ha både sosionom og barnevernspedagog utan at dei greier å på ein god måte skilje dei to.

I høve til å legge opp bachelorkurs som kvalifiserar til master innan barnevern vil me spila inn at me ikkje meiner ein eigen master og eventuelt doktorgradsutdanning innan barnevern

er rett veg å gå. Det virkar meir føremålstenleg å leggje opp til at bachelorgrad i barnevernspedagogikk kan kvalifisere til andre, alt eksisterande masterprogram, til dømes innan spesialpedagogikk, det same gjeld vidare for å ta doktorgrad. Ei av årsakene til dette synspunktet er omsynet til stabilitet og tyngde i fagmiljøet.

Medisin – eigen bachelor

Slik det er skissert i meldinga vil me ytre oss skeptiske til å leggje opp til ein eigen bachelor i medisin. Det sterkaste argumentet syns å vera at dersom ein etter meir enn tre år, før fullført grad, finn ut at ein ikkje ynskjer å bli lege så kan ein få godkjend ein bachelor i medisin. Dette meiner me vil vera ei undergraving av bachelorgraden som sjølvstendig grad all den tid det ikkje er, og truleg heller ikkje bør bli, lagt opp til at ein etter tre år skal ha ein eigen grad. Seksårig medisinutdanning er lagt opp til at ein etter seks år skal ha ein heilskapleg grad. Det er sjølv sagt utfordrande for studentar som gjeng på lange profesjonsutdanningar og integrerte masterløp å mot slutten finne ut at dei ikkje ynskte dette likevel, men det gjer ikkje at ein automatisk kvalifiserer til ein bachelorgrad. I meldinga vert det skissert at ein med ein slik treårig medisinbachelor, dersom ein tek fag som økonomi, juss eller administrasjon, kan svare på behov i sektoren. Spørsmålet då blir om dagens studieprogram i helseleing og liknande ikkje er gode nok. Me meiner det heller vil vera ei betre løysing å leggje opp til at ein med fag frå medisin kan ta ekstra fag for å slik kvalifisere til ein bachelorgrad i til dømes helseleing. Ordninga skissert i meldinga virkar lite gjennomtenkt.

Oppretting av nye fagmiljø

For å sikre personell med nødvendig utdanning og kunnskap er det viktig å kontinuerleg vurdere kor vidt ein skal opprette og bygge opp fagmiljø og utdanningar ein i dag ikkje har her i landet. Her har både fagmiljøa og myndigheitene ansvar. Til tiltaket om å fylgje opp tidligare vedtak i stortinget om oppretting av kiropraktorutdanning vil me syne til initiativet frå UiS og UiB.